





VINDAFJORDBRUKET



MELDINGSBLAD FOR LANDBRUKSNÆRINGA I VINDAFJORD

Nr. 2

September

2020

FORPAKTING AV LANDBRUKS-EIGEDOM ER IKKJE DET SAME SOM JORDLEIGE

Forpakting omfatter, i tillegg til leige av jordbruksareal, også våningshus og driftsbygningar. I lov om forpakting står det at kommunen skal godkjenne forpaktingsavtalen og syte for at det vert halde skjønn.

Forpaktingsskjønn ved ved tiltreding og fråtreding.

Formålet med skjønn er å beskrive tilhøva på bruket både før og etter ein forpakningsavtale. Kommunen kan avgjere om det er naudsynt med forpaktingsskjønn.

Skjønnsmedlemmene blir vade av kommunestyret, og bør så langt råd er, vere dei same ved tiltredreding, som ved fråtreding. Formålet med skjønn er å ivareta både eigar og paktar sine interesser.

INNOVASJON NORGE

Denne vinteren er det Harald Olav Stuhaug som tek seg av Innovasjon sakene, då Signe Jensen har permisjon.

Søknadar om støtte frå Innovasjon Norge for 2021:

Erfaringane frå 2020 er at midlene Innovasjon Norge har til rådvelde raskt blir brukt opp. I år var alt nytta i løpet av første halvår.

Har hatt kontakt med Innovasjon og dei trur det same kan skje for 2021. Vi har fått beskjed om at det er mogeleg å byrja med innsending av søknader for 2021 i byrjinga av desember no i år. Vil med dette oppmøde alle som ynskjer å sökje om

støtte for 2021 å ta kontakt og arbeide fram naudsynt grunnlag for søknad så raskt som mogeleg. Dei eg alt har på «lista» mi tek eg kontakt med i løpet av oktober/november. Ta kontakt med Harald Olav tlf. 99236114 dersom du er usikker og treng meir informasjon eller råd.

RMP 2020 – OG INNTEIKNING / KOPIERING I KARTET

I fjar vart alle tiltak i kartet sletta, og du måtte teikne alt inn på ny. Dette året kan du igjen kopiere omsøkte tiltak, men du må likevel hugse å legge inn eventuelle endringar.

INNSAMLING AV LANDBRUKSPLAST

Innsamling frå Gangstø Transport skjer i midten på oktober, på dei faste oppsamlingsplassane. Sjå etter annonse i Grannar.

Levering må skje tett opp til annonsert dato, slik at ein unngår plast på avvegar.

Det er viktig at plasten er rein for jord, streng, stein, netting og liknande.



Foto: Vindafjord Kommune

GJØDSLINGSPLAN

Har du oppdatert gjødslingsplanen din? Ein gjødslingsplan skal omfatte alt jordbruksareal som føretaket disponerer og jordprøvar skal vise gjødslingsbehov. Hugs at gjødselplanen er årlig, og at du kvart år noterer eventuelle endringar som er gjort i det aktuelle året. Mangelfull gjødslingsplan kan føre til trekk i produksjonstilskotet og RMP-tilskotet.



Foto: Vindafjord kommune

MILJØAVTALE SKJOLDAFJORDEN

Har du inngått Miljøavtale? Hugs å søkje om tilskot i RMP! Me har vore i kontakt med fleire som har inngått avtale f.o.m. 2020. Det er plass til fleire, og moglegheit til å bli med frå 2021.

Alle landbruksføretak som driv i nedslagsfeltet til Skjoldafjorden i Vindafjord og Tysvær har moglegheit til å inngå Miljøavtale med kommunen. Miljøavtalen har som hensikt å redusere tap av næringsstoff frå dyrka mark til vassdraga, og skal fungera som ein ekstra motivasjon for å gjere gode tiltak på sitt gardsbruk.

Avtalen gjeld for ein avgrensa periode, totalt seks år. Trinn 1 gjeld for perioden 2020-2022, mens trinn 2 gjeld perioden 2023-2025. For å få tilskota, må miljøavtalen vere inngått før vekstsesongen og gjødslinga byrjar gjeldande år. Landbruksføretaket må følge generelle vilkår for Produksjons-tilskot og RMP, samt nokre tilleggspunkt for å ha rett på tilskot.

Tillegg:

- Balansert forsforgjødsling på bakgrunn av jordprøve og gjødselprøve
- Ugjødsla randsone (i tillegg til dagens krav om 2 meter)
 - o Åker: 6 meter brei
 - o Eng: 4 meter brei
- Siste spreiedato, på areal (fulldyrka/overflatedyrka) som inngår i Miljøavtalen, er 10. august.

Frå jordprøvane kan ein sjå kva fosforinnhald (P-AL) ein har på si dyrka mark. Ved gjødsling på jord med **P-AL > 7** skal fosforgjødslinga ikke overstige følgjande nivå:

| Kultur | Øvre grense for bruk av fosfor |
|---------------------|--------------------------------|
| Gras | 3,0 kg. P/daa |
| Korn u/halmfjerning | 1,4 kg. P/daa |
| Korn m/halmfjerning | 2,0 kg. P/daa |
| Potet | 3,5 kg. P/daa |
| Kål | 2,1 kg. P/daa |
| Gulrot | 3,5 kg. P/daa |

- Ved **P-AL > 10** kan ikke mineralgjødsel med fosfor nyttast for gras. Det kan heller ikke nyttast slam eller kjøtteinmjøl.
- Ved **P-AL < 7** kan føretaket gjødsle etter ordinær gjødslingsplan.

Tilskotssatsar:

- **Ugjødsla randsone eng (minst 50 meter):** 7 kr pr løpemeter
- **Grasdekt sone åker, (minst 50 meter):** 30 kr pr løpemeter
- **Miljøavtale, (maks 50 000kr pr. føretak)**
 - trinn 1 (2020-2022) 60 kr pr. dekar dyrka/overflatedyrka
 - trinn2 (2023-2025) 50 kr pr. dekar dyrka/overflatedyrka

TILSKOT TIL GRØFTING OG SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL)

Ta kontakt med Harald-Olav Stuhaug på tlf. 99 23 61 14 dersom du har planar om grøfting eller andre tiltak som høyrer inn under desse ordningane.

NB!.....

Det er viktig at det blir søkt før prosjektet/grøftinga er sett i gang. Vi har ikkje høve til å gi tilskot om prosjektet/grøftinga er starta. Får ein del spørsmål om tilskot når grave-maskinen står i tunet – dette er for seint! Planlegg aktuell grøfting for vinteren og neste år no og få sendt inn søknad så raskt som mogeleg.

Vi har strenge krav på oss til vår saks-handsaming frå fylkesmann og departement og med elektronisk sakshandsaming har dei innsyn i alt me føretar oss.

Ordninga med grøftetilskot gjeld jordbruksareal som har vore grøfta tidlegare men treng oppattgrøfting. For planerte areal er det ikkje krav om at arealet har vore grøfta tidlegare. Maks 2000 kroner pr. dekar eller 30 kroner pr. meter grøft.

Det må søkjast elektronisk på eige skjema, eit for grøfting og eit for SMIL-ordninga. Skjema finn du ved å gå inn på altinn og rubrikken «nytt skjema» søker på SMIL eller drenering. Ingen fast søknadsfrist. Ta kontakt dersom du treng hjelp til å søkje.



Foto: Vindafjord Kommune

SONER FOR POLLINERANDE INNSEKT – RMP TILSKOT

I sommar var me ute og såg på område som er sett av til pollinerande innsekt. Dei arealet som er mest eigna, er relativt tørre område på næringsfattig jord med god kalktilstand. For at innstekta skal få næring gjennom heile vekstsesongen, er

det viktig at arealet har ein blanding med planter som blomstrar til ulike tider i sesongen. Arealet skal ikkje sprøyta. Slå arealet når dei viktigaste blomane har avblomstra, normalt i juli/august. La plantematerialet liggje i 2 – 4 dagar etter slått, men fjern det frå arealet etterpå. Ta kontakt med oss på landbruk dersom du har spørsmål.

NYDYLING – VINDAFJORD PÅ TOPP I ROGALAND

Bønder i Vindafjord har vore dei mest aktive i Rogaland på nydylingsfronten i løpet av dei siste 10 åra. Det er fleire som ikkje får tak i nok leigejord, og dette utløyer tiltak og ynskje om nydylking.


FORBOD MOT DYRKING AV MYR

Eit fleirtal i Stortinget har lagt til grunn at det blir innført eit forbod mot nydylking av myr (klimaomsyn). Eit slikt forbod er difor teke inn i forskrifta om nydylking, gjeldande frå 2. juni 2020. Det blir likevel opna for at kommunen kan tillate dyrking av myr når grunneigar mister andre produksjonsareal på grunn av tap av leigejord, ved utbygging i offentleg regi, som samferdsleltak eller liknande. Kommunen kan også tillate dyrking av myr der grunneigaren sin einaste dyrkingsressurs er myr, eller for å ivareta særskilte produksjonar i myr på fjellgrunn. Ta kontakt med Alf Ole Bull-Tornøe på tlf. 53 65 61 22 dersom du har planar om nydylking.

SETT AV EI STRIPE FOR VIPA



Foto: Fylkesmannen i Rogaland



Å la eit jordarbeidd areal ligge urørt om våren er eit tiltak for vipa bøndene kan få regionalt miljøtilskot til. (Foto: Erik Steen Larsen / Fylkesmannen i Rogaland)

Vipestripene er eit frivillig tiltak som gir rett til regionalt miljøtilskot. Bøndene søker tilskot i etterkant, og siste søknadsfrist er 15. oktober. I overkant av 50 bønder i fylket har meldt interesse for å vere med på "vipe-stripene" i år. **Ta kontakt med oss på landbruk innan 15. oktober 2020, dersom du ynskjer å vere med på prosjektet til neste år.**

KANVEGETASJON LANGS VASSDRAG

Det er glissten eller manglande kantvegetasjon, langs mange vatn, elvar og bekkar i kommunen. Dette kan påverka livet i bekken eller elva negativt. Det er ønskjeleg at ein prøver å reetablera kantvegetasjonen der det er mogleg. I tillegg til å fungere som skjul for fisk, kan kantvegetasjon vere med på å hindre utrasing av elvekant, og derfor redusera tap av jord. Samt at eit godt etablert rotssystem, saman med eit tett grasdekke, kan vere med å auke opptak av næringssalter, slik at ein reduserer avrenning til vassdraget. Nibio har funne ut at ved meir enn 5 meters kantvegetasjon på dyrka mark, blir 75% av jordpartiklar, 63% av nitrogenet og 59% av fosforet fanga opp.

Det er tilskot å hente om ein har lyst til å gjere tiltak knytt til bekk eller elv. Det kan vere tiltak som betrar levevilkår for arter i elva, tiltak som reduserer faren for utrasing og som reduserer næring'avrenning.

Døme på tiltak:

- Plante kantvegetasjon
 - Skjul for fisk, hindre avrenning og utrasing av kanter
- Inngjerding av elvekant,
 - Avgrense tilgang for beitedyr enkelte stader langs vassdrag
 - Naturleg oppvekst av kantvegetasjon, hindrar at dyr trør opp kanten i vassdraget
- Hydrotekniske tiltak
 - rensedam samler opp næringssalter og jordpartiklar før vidare ferd i vassdraget

Me er allereie i gong med nokre spanande prosjekt, men det er alltid rom for fleire!

Har du eit område som kan vere aktuelt? Ta kontakt med Emilie Moi Eikje, emilie.moi.eikje@vindafjord.kommune.no, tlf 93216339



Foto: Vindafjord Kommune

HUGS Å VEDLIKEHALDE MERKING AV TURSTIAR OG SKIFTE UT GAMLE GJERDEKLYVERAR

Hausten er ei fin tid til å vedlikehalde turstien, slik at den er klar til neste tursesong. Gjerdeklyverar kan me skaffe, dersom fornying trengs. Hugs at du som grunneigar har ansvaret for at gjerdeklyverane er trygge. Me har også praktiske hundeportar til utdeling.

NYE FLYFOTO OG OPPDATERTE GARDSKART – NYTT AREAL-GRUNNLAG I PRODUKSJONS-TILSKOT

2019-flyfoto er no tilgjengelig blant anna i gardskart, Norge i bilder og temakart-Rogaland.

I år har NIBIO vurdert areala mot nyaste flyfoto 2019 og korrigert areala i gardskarta der dei fann endringar, slik dei gjer ca kvar 5 år. **Arealtala har difor endra seg frå i fjar på mange eigedommar.** Dette kan og ha verknad på arealgrunnlaget og tilskot til areal i produksjonstilskot og tilskot til Regionalt miljøprogram.

Nytt i gardskart er at du kan velje å sjå endringar i AR5 som er gjort i visse periodar, slik at det er mogleg å sjå om

noko er endra og kva endringar som er gjort.

I tillegg til å ha justert nokre av arealgrensene har NIBIO også sendt ei oversikt til kommunen med areal som kommunen må undersøke nærmere ved ein eventuell arealkontroll. Dette er område som på flyfoto 2019 har endra seg ved t.d gjengroing, nedbygging og opparbeiding. Her må me sjekke om areala vert feilaktig omsøkt, om areala er i drift ved beiting/slått og om dei framleis held krava til innmarksbeite/overflatedyrka/fulldyrka før me rettar dette.

Areal i gardskartet er grunnlaget for søknad om produksjonstilskot. **Sjekk difor gardskartet før eller medan du søker om produksjonstilskot. Hugs likevel å kun søker på areal som har vært i drift i år.**

Ta kontakt med Anne Karin Langeland snarast dersom dykk har merknadar eller finn feil som må rettast opp før søknad om produksjonstilskot og søknad om tilskot til Regionalt miljøprogram.



Foto: Vindafjord kommune

REGIONALT MILJØTILSKOT 2020 – Søknadsfrist 15. oktober Søknad kan leverast fra 15. september

Sjå fylkesmannen si heimeside for oversikt over tilskotsordningar og rettleiing til søknad om regionalt miljøtilskot i Rogaland 2020.

<https://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/>

Ta kontakt med oss på landbruk dersom du er i tvil eller lurar på noko ved utfylling/innsending av søknad.



Foto: Vindafjord Kommune

PRODUKSJONSTILSKOT 2020 –

søknadsfrist 15. oktober

Søknad kan leverast fra 1. oktober, det er lurt å levere i god tid før frist.

Viktig: Dersom du likevel gløymer å levere søknaden innan fristen, så ta kontakt med oss på landbruk så snart som råd for vidare informasjon.

Sjå landbruksdirektoratet si heimeside for rettleiing og skjema.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/aktuell-soknadsomgang>

Det elektroniske søknadsskjemaet er ikkje tilpassa utfylling med nettbrett eller mobil. Ta kontakt med oss på landbruk dersom du er i tvil eller lurar på noko ved utfylling/innsending av søknad.

VERDISKAPINGSFONDET TIL SKOGBRUKET -støtter utviklingsarbeid i skognæringa

Ønsker du å utvikle gode og lønsame arbeidsplasser i ein seriøs bransje, eller treng støtte til utdanning og til arbeidsmiljøtiltak? Fondet bidreg i hovudsak med støtte til utviklingsprosjekt, både som fellestiltak (for fleire bedrifter i fellesskap) og bedriftsvise tiltak.

Søkjarar til Fondet skal primært vera skogbedrifter, eller aktørar/grupperingar som representerer tilsvarende trinn i verdikjeden som dei opphavelige som bidreg til fondet. Prosjekta kan gjennomførast i samarbeid med forsknings- og kompetansemiljø, men det føreset at

aktørane sjølv sit som oppdragsgjevar og har styring i prosjekta.
Søknadsfrist: 01.10.2020. Meir info på www.verdiskapingsfondet.no

«KORONATILSKOT» TIL SKOGSDRIFT 2020

Det er oppretta eit ekstraordinært tilskot for å oppretthalde hogstaktivitet i skogbruket 2020. Tilskotet kan m.a. gjevast til heilmekaniserte drifter med høg driftskostnad. Dette kan vere aktuelt særleg for drifter av furu og lauv for treslagsskifte. Det kan og gjevast tilskot til banedrift. Det kan gjevast inntil 75% tilskot på driftskostnad over 160 kr/fm3, maksimalt 120 kr/fm3. Tilskotet krev søknad om førehandsgodkjenning. Drifta må vere starta opp etter 12. mai. Siste frist for rapportering av faktisk volum og anmodning om sluttutbetaling er 30. november.

Meir om vilkåra kan du lese her:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/ei/endom-og-skog/skogberedskap/korona-tilskudd/ekstraordin%C3%A6rt-driftstilskudd#til-skogeieren>



Foto: Vindafjord kommune

TILSKOT TIL SKOGKULTUR – SØKNADSFRIST

Staten sitt særskilte «klimatilskot» til skogplanting og supplering (Tettare skogplanting som klimatiltak) gjeld og for 2020. Fristen for å levere søknad til kommunen etter haustrplanting er 7. november.

Send derfor søknaden om tilskot til skogkultur så snart du har mottatt fakturaen, ev. etterspør fakturaen om tida begynner å bli knapp. Meir om tilskotet finn du her:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/ei/endom-og-skog/skog-og-klima/tettere-planting>.

Du kan og kontakte kommunen. Faktura og kart skal følgje søknaden.

Søknad om tilskot til andre skogkulturtak, som t.d. ungskogpleie, bør ikkje leverast kommunen seinare enn 25.11., om vi skal klare å registrere/handsame søknadane før fristen 30.11.20.

Det er planta over 280 dekar gran i Vindafjord hittil i år (pr. 15.09.).

PLANTING 2021

Dersom du planlegg planting i 2021, kan det vere lurt å tenke på plantebestilling alt nå – viss ikkje du alt har gjort avtale. Mest brukte proveniensar her i området er Oberhartz, samt den nyaste proveniensen, Årøy, som ligg heilt i toppsjiktet for anbefalte proveniensar i vår del av landet. Om du ønskjer å plante framande treslag, må du sende søknad til Fylkesmannen.

Dette gjeld og for juletre. Sakshandsamingastida har vore fleire månadar, så det er lurt å sende søknaden i god til før plantesesongen begynner.

VERNSKOGGRENSER I VINDAFJORD

Mellom den produktive skogen og snaufjellet ligg eit belte med skog som vert kalla vernskog. Dette vernskogbeltet vernar den produktive skogen nedanfor, t.d. mot kald luft som kjem ned frå fjellet og som kan skape problem med å få opp ny forynging lågare nede. Det er særskilte reglar for korleis ein kan hogge i vernskogbeltet, for å unngå at det vert opna for mykje opp. I Vikebygd, Bjoa og Ølen er vernskoggrensa sett med varierande høgd over havet og kartfesta. I Skjold, Vats og Sandeid er det ei generell grense på 350 m.o.h., mens i Vikedal og Imsland er grensa 400 m.o.h. Gjer tømmerkjøpar merksam på dette om de planlegg hogst nær vernskogbeltet.

JAKT PÅ HJORT OG RÅDÝR

Jakta på hjort og rådyr er i gong. Jakttida for hjort er frå 01.09. t.o.m. 23.12.

For rådyr vart det opna for bukkejakt frå 10.08., mens den generelle jakttida for rådyr er 25.09.-23.12. Kommunen har i år tildelt 1133 løyve for hjort, av dette 709 med bestandsplan og 424 utan bestandsplan. Det er og tildelt 198 løyve for rådyr. I tillegg har 4 vald kvotefri jakt.

**Fristen for levering av fellingsrapporten er 02. januar 2021.
Rapporten må leverast kommunen sjølv om de har nytta Sett og skuttappen.**

Kommunen oppmodar om å nytte SETT HJORT-skjema aktivt i hjortejakta, slik at datagrunnlaget for ei god forvaltning for framtida vert enda betre. Fyll ut sette og felte dyr kvar gong de har vore ute på jakt – også når de ikkje har observert dyr.

Hugs og tal jegerar og tal timar de har jakta. Slaktevektdata må diverre førast på eige skjema.

Sett hjort-data registrerast digitalt på appen Sett og skutt. Denne løysinga er tilpassa både pc, nettbrett og smarttelefon. Her kan og slaktevekter leggast inn.

Dataa må godkjennast i hjorteviltregisteret før dei vert tilgjengelege i statistikken. Valdleiar og jaktfelteleiarar kan få tilgang for godkjenning av registrerte data i hjorteviltregisteret. Appen er vesentleg forbetra sidan i fjar. Hugs å oppdatere til siste versjon før du går på jakt! Det er framleis mogleg å nytte papirskjema. Slaktevektdata må då førast på tilleggsskjema.

Meir informasjon om ordninga finn de her:

<https://www.hjortevilt.no/sett-elg-og-sett-hjort-2/>

Det vil bli trekt ut **premiar** blant dei som nytta Sett og Skutt-appen eller sender inn **rett utfylt** skjema etter jakta.

For å vere med i trekninga, må skjema sendast til *Vindafjord kommune, Østbøvegen 2, 5585 Sandeid*, eller på e-post til: gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no. **innan 10. januar 2021.** Skjema kan gjerne sendast i lag med fellingsrapporten (**frist 02.jan**)

Takk til alle som har levert inn skjema til nå!

For å avdekke utviklinga av storleiken på dyra, ønskjer kommunen opplysningar om slaktevekter frå felte hjort i heile kommunen. Ein del vektdata kjem inn med Sett hjort- dataa. Jo større del av dei felte dyra ein har data for, jo sikrare vert likevel resultata. Me vil derfor oppmoda alle valda om å sende informasjon om slaktevektene for dei felte dyra i valdet, sjølv om de ikkje skulle ha fått registrert Sett hjort. Det er viktig at det vert nytta vekt, ikkje rusing.


Sett hjort- data og slaktevekter frå 2006-2019 er tilgjengelege i: www.hjorteviltregisteret.no.



Foto: Vindfjord kommune

Eining Areal- og forvaltning:

| Namn | Hovedoppgåver |
|---|---|
|  | Sissel Aarvik Tlf. 53 65 61 36 E.post: sissel.aarvik@vindafjord.kommune.no |
|  | Signe Theilmann Jensen Tlf. 53 65 61 32 E.post: signe.theilmann.jensen@vindafjord.kommune.no |
|  | Harald Olav Stuhaug Tlf. 53 65 61 37 / 99 23 61 14 E.post: harald.olav.stuhaug@vindafjord.kommune.no |
|  | Sissel Lilleland Tlf. 53 65 61 30 E.post: sissel.lilleland@vindafjord.kommune.no |
|  | Alf Ole Bull-Tornøe Tlf. 53 65 61 22 E.post: alf.bull@vindafjord.kommune.no |
|  | Anne Karin Langeland Tlf. 53 65 61 38 E.post: anne.karin.langeland@vindafjord.kommune.no |
|  | Gitte P. Halvorsen Tlf. 53 65 61 29 E.post: gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no |

| | | |
|---|---|--|
| Utgjevar: Landbrukskontoret Redaktør: Sissel Lilleland Kommunen si heimeside: www.vindafjord.kommune.no Tlf. 53 65 65 65 |  | VINDAFJORD KOMMUNE Eining Areal- og forvaltning Østbøvegen 2 5585 SANDEID |
|---|---|--|